

# Vil ha samisk språkdugnad

I haust lanserte Samlaget si første e-barnebok på nord-, sør- og lulesamisk. Redaktør Ragnfrid Trohaug oppmodar til dugnad for samiskspråklege born.

ANDREA RYGG NØTTVEIT



Den samiske versjonen av den interaktive e-boka om «Jakob og Neikob» vart vist for førskulegruppa i Samisk barnehage på Tøyen i Oslo. Frå.v.: Mika (5), språkleg ansvarleg Måre Helander, Margrethe (5) og Gerd Bostrøm.

— Ein samiskspråkleg SVT-reporter sa til meg: «Førestill deg at du går tom for lesestoff på ditt eige språk». For meg hadde det vore heilt katastrofe, men dette er realiteten for samiske barn i dag, seier redaktør for prosjektet Ragnfrid Trohaug.

## «Joret ja liret»

Dei prisvinnande barnebokfigurane «Jakob og Neikob» har reist langt og vorte omsett til både engelsk, tysk, dansk, fransk og hindi. No er dei vorte tilgjengeleg på heile tre samiske språk.

Trohaug er ekstra nøgd med å ha fått omsetning på både sør- og lulesamisk, i tillegg til nordsamisk.

Dei fleispråklege ungane kjenner godt karakterane til Kari Stai, men då på norsk.

— Eg har to bøker med «Jakob og Neikob», fortel Margrethe (5), medan Leonard (5) fortel at han har ein kamerat som heiter Jakob.

Førskuleborna får sjå og høyre den første samiske interaktive e-barneboka om «Joret ja liret» på prosjektor. Det er morosamt på samisk òg.

## — Urettferdig

Stortingspolitikar Anette Trettebergstuen (Ap) var med på lanseringa. Ho peikar på at gode lesaropplevingar er viktig for språkforståinga.

— Me tykkjer det er urettferdig at dei som har samisk som morsmål ikkje har like mange bøker å velje i. Det er viktig at alle born får lese morosame bøker som «Jakob og Neikob» på sitt eige språk.

Difor tykkjer me det er fint at Samlaget har omsett boka og tykkjer at fleire må gjere det same, seier Trettebergstuen til barn og vaksne.

Ho peikar på at det er desse borna som skal bringa vidare det samiske språket og kulturen, og at dei då må få moglegheita til å møte det både munnleg og skriftleg gjennom litteraturen.

På spørsmål om kva rammevilkår politikarane kan bidra med er Trohaug klår. Det trengst insentiv for forlaga til å gje ut ting både på norsk og samisk.

— Eg tenkjer at dette må vere ein dugnad. Me har digitale verkty som kan nyttast, og det treng ikkje vere kostnads-krevjande utover omsetning og det å lese inn, seier Trohaug, som gjerne vil samarbeida med samiske og norske forlag.

## Teksttunge bøker

Dei tilsette i barnehagen kan bekrefte at det er behov for fleire samiske barne-bøker.

— Det er veldig lite for dei aller minste, dei fleste passar best for skuleborna. Det burde heilt klart vore fleire bøker å ta av for alle aldrar. Dei bøkene som er har ofte mykje tekst og keisame bilete, forklarar dagleg leiar Gerd Bostrøm.



Foto: Hany Johansen/Sametinget

# FEIRAR DEN SAMISKE KULTUREN

Mange barnehagar feirar den samiske kulturen i februar.  
Det er det gode grunnar til.

for deg som jobbar med barn

[www.pirion.no](http://www.pirion.no)

Kultur, språk og litteratur

Faste spalter: BOKPRAT | MIN BARNEHAGE | LES FOR MEG | AKTUELT

På nettsida vår kan du og lesa om Pirionkurs: Korleis kan vaksne bli medvitne brukarar og formidlarar av språk, kultur og identitet?

@avisapirion



# FORMIDLAR DEN SAMISKE KULTUREN

– Det er viktig folkeopplysing at den samiske kulturen er ein del av Noreg, seier Måre Helander, dagleg leiar i Samisk barnehage i Oslo.

SVEIN OLAV B. LANGÅKER



og fortelja litt om symbolikken i dette, føreslår ho.

## Koffekart

Måre Helander veit at fleire norske barnehagar lærer seg samiske songar. Mange av dei finn ein på nettet. I barnehagen hennar har dei òg kurs i joik, og dei syng Gea mu gávttis (Se min kjole) og BURES BOAHTIN, ein velkommen-joik som dei har laga.

– Det går òg an å fortelja litt om Elsa Laula, og korleis samesaka byrja med eit politisk møte 6. februar 1917 i Trondheim.

Måre Helander fortel meir enn gjerne om korleis norske barnehagar kan formidla den samiske kulturen.

– Ein fin inngang til å fortelja om den samiske kulturen, kan vera å feira 6. februar – ungane forstår det med bursdagen til fire folk, til samane i Russland, Sverige, Finland og Noreg, fortel Måre Helander.

– Norske barnehagar kan laga bursdagskrone med teksten, Lihkku beivviin Sápmi. Det går òg an å visa flagget

Ho tenkjer òg det er bra å visa fram kofftekartet, og visa kvar dei ulike kofftene høyrer heime. Då kan ein visa at samane snakkar tre språk som er veldig forskjellige frå kvarandre, lulesamisk, sørsamisk og nordsamisk.

Seinare i vår kjem det ein samisk snakkepakke som vil vera eit bra verk-tøy òg for norske barnehagar.

## Samisk mat

Ein fin måte å bli kjent med nye kulturar er gjennom maten. Måre Helander

føreslår at ungane kan få vera med på å laga bidus, ein lapskaus med reinkjøt.

Samisk høgskole har laga ein app med mange samiske oppskrifter til Android-telefonar. Det er òg mogleg å finna mange oppskrifter på nettet.

I Samisk barnehage i Oslo får dei levert eit reinsdyr frå Røros om hausten som dei parterer og saltar. Ungane er med på heile prosessen. Når dei har om jakt, så får dei ei rype til barnehagen og dei fortel om korleis dei kan laga mat av ho.

Ungane lærer om knivbruk og om dei ulike delane i ein lavvo.

## Sjamanisme

I læreplanen for 1.-4. klasse står det at elevane skal lære om samisk kultur og levemåte fram til kristninga av samane. I rammeplanen for barnehagane står det at alle barnehagar skal arbeida for at alle barn får kjennskap til at samane er Noregs urfolk og får høyra samiske forteljingar, sagn og andre deler av samisk kultur og kvardagsliv.

Måre Helander fortel om trekk ved sjamanismen for borna.

– Eg fortel om det underjordiske: at det kanskje kan bu nokon under den steinen der. Men det er viktig at det skjer i ein trygg setting, og fortelja at det kanskje finst nokon som passar på oss.

– Me takkar òg for å bruka bålplansen, avsluttar Måre Helander.

Les om årstidshjulet til den samiske barnehagen på [Pirion.no](http://Pirion.no)!



Måre Helander, dagleg leiar i Samisk barnehage i Oslo, bruker til vanleg nordsamisk kofte, men her er ho i sørsamisk kofte. Foto: KMD



## Det forferdeleg geniale freseskyflyet

Forfattar: Rolf Losnegård  
Illustrasjon: Fredrik Rysjedal  
Skald, 2015

## Ellevilt klimaeventyr

Rolf Losnegård har klart å skrive både leikent, poetisk, humoristisk og med ei nerve og driv over klima som eit tema.

I barneboka Det forferdeleg geniale fresesky-flyet møter me ein genial oppfinnar med det herlege namnet Sir Nataniel Umulius Trompeterstråle Tutt, også kjend som Snutt. Han lagar dei underlegaste ting for folk i landet Gnore, som ikkje er så langt frå Nordpolen. Som til dømes stjernefangarar som fanga inn stjerner frå verdsrommet, pussa av dei stjernestøvet og sende dei ut igjen i lange baner.

Då ungdommane i byen Olsen i Gnore vil ha sol og varme heile året går oppfinnaren i gang med å laga eit fresesky-fly som fangar opp alle skyene. Då blir det så fint vør og varmt på Nordpolen at isfjell og isflak smeltar. Den vesle isbjørnen, Burr, som er så skrekkelig redd for vatn kjem snart i trøbbel. Det trygge og gode isflaket smeltar. Vatnet i Gnore byrjar kjapt å stige. Innbyggjarane kan ikkje lenger vera inni husa sine, men sit på hus-taka. Me kan røpa så mykje at det skjer ein heftig klimakamp mellom oppfinnaren

Snutt og ungdommane i boka – og at isbjørningen blir ein liten helt!

Det forferdeleg geniale fresesky-flyet har morsame og spennande detaljrike illustrasjonar laga av Fredrik Rysjedal. Rolf Losnegård har klart å skrive både leikent, poetisk, humoristisk og med ei nerve og driv over klima som eit tema.

Boka eignar seg for høglesing for barn frå 6 år og oppover, og til sjølvlesing frå ca. 9-10 år.

Meldt av: Camilla Ruhs